

# Dei kondisjonerte

I dei føregåande kapitla har vi hørt om dei ulike grupperingane innafor «almuen» i det gamle Hjelmeland. Den bestod av bønder og husmenn, av tenestefolk, innerstar, folgefolf og fattiglemmer. Alle desse var knytte til jordbruksamfunnet.

Men over allmugen stod det ei gruppe av embetsmenn som stod utanfor bonestanden, folk som hørde til den kondisjonerte stand. På 1600-talet var det stort sett berre presten og familien hans som utgjorde denne gruppa. Men på 1700-talet vart gruppa større. Frå 1722 til 1782 var garden Søra Knutsvik på Jøsneset bustad for sorenskrivaren i Ryfylke. Her budde først Morten Rødder og sidan svigersonen Georg Daniel Barth til han døydde i 1782. Enkja etter han budde her til 1826. Og det busette seg fleire militære i Hjelmeland utover i hundreåret – i Hjelmelandsvågen og på Sæbø, på Fosså, i Nesvik og på Sande, på Hammarsneset på Sandanger på Randøy og på Soppaland i Årdal.

## Barnedåp i Knutsvik

Søndag den 14. juni 1761 var det barnedåp i kyrkja i Hjelmelandsvågen. Eitt av dåpsborna var Jonas Barth, sonen til sorenskrivar Georg Daniel Barth i Knutsvik og kona Karen Sibylle f. Rødder. Han hadde fem fadrar, noko som heller ikkje var uvanleg for vanlege folk. Men her var alle fadrane av fint folk, som dåpsfamilien var det. Oberstløytnant Fasting hadde kome frå Foldøy, fut Garmann frå Utstein og Monsieur Børre Rosenkilde frå Stavanger, der han var stor kjøpmann. Dei stod fadrar i lag med to fornemme damer frå Hjelmeland – prestenkja Brynhild Pavels og svigerdottera hennar, prestekona Birgitte Pavels.<sup>1</sup>

Då gudstenesta var til endes, gjekk det fine følgjet ned til sjøen, der vengebåten til sorenskrivaren

låg klar. Rorskarane sette seg ved årane og førte gjestane over til Knutsvik, der det skulle etast og festast til ære for dåpsbarnet. Sonen Jonas var sorenskrivaren sitt tredje barn. Frå før hadde han og Karen Sibylle to jenter. Året før hadde dei bore ein annan gut til dåpen og kalla han Jonas, men han døydde tidleg og vart berre tre veker gammal.

Det var nok fleire kondisjonerte enn dei fem fadrane med familiar og huslyden til sorenskrivaren som sessa seg til middagsbordet i den staselege embetsbustaden i Knutsvik, som Barth sin forgengar og svigerfar Morten Rødder hadde bygt i 1720-åra, og som skal ha vore den største og finaste embetsbustaden i Ryfylke i lang tid. Også andre var bedne inn til å sessa seg ved middagsbordet og til å spasera i den store og prydelege hagen som låg rundt huset. Sokneprest Munthe var der nok med familien, og også andre av embetsstand frå grannebygder som Jelsa, Nedstrand, Vikedal og Finnøy. Det skein i sølvbestikket og funkla i krystallglasa då gjestane tok til seg av rettane og skåla med kvarandre. Det var høgt under taket og lyst og vennleg inne. Stemninga var munter i den lyse vårdagen. Praten gjekk lett mellom folk som var av same stand og som kjende kvarandre frå før.

Det var ikkje langt mellom barnedåpane i skrivargarden i Knutsvik i 1760- og 1770-åra. Georg Daniel Barth var gift to gongar og vart far til ikkje mindre enn 20 born! To av dei døydde som speborn, dei andre voks opp. Ofte var det ikkje meir enn 13–14 månader mellom barnedåpane, ja, Thomas Fredrich vart døypt berre 11 månader etter at søstra Anna Maria hadde blitt boren til dåpen. Somme av borna vart døypte ein søndag i kyrkja, andre vart døypte ein kvardag heime i Knutsvik. Når barnefødslane kunne koma så tett, må vi rekna med at frua i skrivargarden ikkje amma borna sine



*Barnedåpsmiddag hos sorenskrivar Barth i Knutsvik. Ved selskaplege høve samla dei seg dei kondisjonerte i Ryfylke. Dei var ikkje mange i kvar bygd, men dei kjende seg høgt heva over allmugen.*

sjølv, men brukte ei leigearmme. Hadde ho amma sjølv, hadde det nok gått lengre tid mellom kvar graviditet.

Ved festlege samkomer som bryllaup og barndåp samlast folk frå den betre stand i Hjelmeland og nabobygdene. Dei var ikkje så mange i kvar bygd, men når dei samlast frå eit større oppland, vart selskapet talrikt.

## Sorenskrivar Barth

Georg Daniel Barth var fødd i Kristiania kring 1725.<sup>2</sup> Faren heitte Jonas Barth og var prokurator eller sakførar. Georg Daniel gjekk nok katedralskulen i heimbyen før han kom i teneste som kontorist

hos forskjellige embetsmenn. Deretter bar det til Københavns universitet, der han fullførte det juridiske studium i 1752, 27 år gammal. Så kom han til Utstein og vart fullmektig hos fut Garmann. Medan han var der, vart han konstituert som sorenskrivar i Karmsund.<sup>3</sup> Den tidlegare sorenskrivaren, Erland Christophersen, var då på reise til København. Han inngjekk ein avtale datert Utstein Kloster 8.7. 1752, der han overtok styringa av Karmsund sorenskriveri mot å overta sorenskrivar Christophersen si private gjeld på 200 rdlr. Det varte og rakk heilt til 1761 før han vart formelt utnemnd til sorenskrivar i Karmsund.

I mellomtida hadde han blitt utnemnd til sorenskrivar i Ryfylke. Det skjedde i 1755. Han overtok protokollane frå forgjengaren den 22. mai. Utnem-



Sorenskrivar og kanselliråd Georg Daniel Barth (1725–1782) og den andre kona hans, Maria Catrine von Weybye (1749–1826). Det var ikkje langt mellom barnefødslane og barnedåpane i skrivargarden i Knutsvik. Skrivaren vart far til heile 20 born. I sitt første ekteskap var han gift med Karen Sibylle Rødder og fekk åtte born med henne. Med den andre kona si fekk han tolv. Maria Catrine var berre 33 år då ho blei enke i 1782. Ho vart buande som enke i Knutsvik i 44 år. Anders Bergius har måla sorenskrivaren. Begge måleria heng på Stavanger museum.

ninga baserte seg på ein avtale mellom den unge juristen og den gamle sorenskrivar Rødder. Georg Daniel Barth skulle få Karen Sibylle Rødder, sorenskrivaren si dotter, til ekte og overta embetet som sorenskrivar mot å la svigerfaren få behalda alle inntektene av embetet så lenge han levde og sidan betala svigermora 100 riksalar kvart år så lenge ho sat enke. Det var ikkje lite han måtte ut med som følgje av denne avtalen: Svigerfaren levde i sju år, svigermora i 35 år etter dette.

Georg Daniel Barth var hermed sorenskrivar i både Karmsund og Ryfylke. Skøyte på garden Søra Knutsvik fekk han av svigerfaren i 1757, og han laut ut med 600 rdlr. for garden. Ekteskapet med Karen Sibylle vart fruktbart. Ho sette åtte born til verda. Frå før hadde Barth ei uekte dotter som heitte Dorthe Cathrine Barth og vart døypt i Hedenstad kyrkje i 1745.

To av Karen Sibylle sine born døydde som speborn. Den siste vart fødd i 1766 og fekk namnet Benoni. Han var svakhelsa heilt frå fødselen, og mora kom heller ikkje til hektene att. Døden slo til hos sorenskrivaren og reiv med seg begge to. Fredag den 19. desember vart dei gravlagde samtidig på kyrkjegården ved Hjelmeland kyrkje. Ho vart 37 år, sonen Benoni berre 11 dagar.

Georg Daniel Barth gifte seg året etter opp att med Maria Catrine von Weybye, dotter av ein major i Halden. Han var då 42 år gammal, ho berre 18. Dette ekteskapet vart endå meir fruktbart enn det første. Den unge kona bar fram 12 born på 14 år! Av dei 20 borna til sorenskrivar Barth døydde to som speborn, resten levde opp. Av dei sju gutane døydde den eine 18 år gammal. Alle dei andre vart embetsmenn. Tre vart offiserar, ein vart overtollbetjent og to utdanna seg til juristar. Den eine av dei

Tida sin stil i brevskriving mellom embetsmenn på 1700-talet var prega av ei mengd med titlar og snirklete tiltaleformer. Det er dette nyttårsbrevet frå sorenskrivar Barth til amtmann Hammer i 1770 eit døme på.<sup>4</sup>

Høyædle og Velbaarne  
Allerhøistærede Hr. Justice Raad!

*Nu er etter Eet Aar forløbet siden ieg forrige, som første gang, havde den ære at Gratulere Deres Velbaarenhed og Fornemme Famille med Aarets omvexling. Det forbigeangne og Allerede nyebegynte Aar, giver mig Anledning at igentage mit forleden aar insinuerede oprigtige og ærbødige Ønske, at det maa udj indeværende Aar gaae Deres Velbaarenhed, Velbaarne Frue og kiære børn saa vel, som ieg, uagtet det i afvigte Aar passerede, af et saa oprigtig hierte ønsker, og af den allerhøieste i mine bønner udbeder, som ieg ønsker at det maae gaae mig og mine i tiid og Ævighed!*

*Med vedbørlig Egard og Veneration forbliver ieg*

Høyædle og Velbaarne  
Allerhøistærede Hr. Justice Raads

ærbødige  
tiener  
Barth

Knudsvig gaard  
dend 2. Januarj 1770

vart birkedommar i Rosendal baroni, den andre var først fut på Lista og sidan sorenskrivar, som faren, i Moss. Så langt vi veit, gifte dei seg alle med døtre av embetsmenn.

Åtte av dei ti jentene som levde opp, vart gifte. Fem gifte seg med prestar, tre med offiserar. Også dei heldt seg til sin stand, ingen blanda seg med bondebefolkinga. Yrkesvalg og giftarmål i den talrike barneflokken i skrivargarden i Knutsvik er eit slåande døme på at embetsmennene hadde blitt ein eigen stand i det norske samfunnet på slutten av 1700-talet.

Alle borna i skrivargarden skulle ha noko skulegang. Sorenskrivaren engasjerte nok privatlærar til å undervisa dei, slik dei gjorde i mange embets-

mannsfamiliar. Heller ikkje i skuletida blanda dei seg med «almuen». Hos sorenskrivaren var det born nok til ei heil lita klasse. T.d. i 1782, det siste året sorenskrivaren levde, hadde dei ni born heime mellom 6 og 18 år. Gutane fekk også vidaregåande skulegang på katedralskulen og gjekk vidare med juridisk eller militær utdanning. Slik skulegang var det ingen av bondestand i Hjelmeland som fekk. Det var berre i embetsmannsfamiliene dei kunne og ville kosta vidare opplæring på borna sine.

I prestegarden gjorde dei det same. Vi kjenner yrke og giftarmål til fire av dei seks borna til sokneprest Peder Pavels og Birgitte Kristine Hjelm som levde opp til vaksen alder. Dottera Kristine Margrete vart gift med ein prest, Bolette Kristine med ein major. Sonen Peder vart sjølv prest. Ein annan son heitte Jakob. Han hadde ikkje hug til ei teoretisk løpebane. Derimot var han flink med henedene, og han utdanna seg til møbelsnikkar.

Sorenskrivar Georg Daniel Barth var, etter det inntrykk vi får gjennom kjeldene, ein mann som var bevisst si stilling og sin stand. Han skal ha blitt kalla «Kongen i Ryfylke». I 1768 fekk han ærestittelen kanselliråd, og det var ikkje noko smålåte over han når han titulerte seg i sine velfortidsdagar. «Georg Daniel Barth, hans kongelig Majestæts virkelig Cancelliraad, Sorenskriver og Auctions-Directeure over Ryefylke, Carmsound og Hesbye Sorenskriverie, Gjør vitterlig at...» brukte han som innleiing til dokument som han ferda ut.

Når han kom til kyrkja i Hjelmelandsvågen, ville han markera sin posisjon med å bruka sin eigen inngang til gudshuset. Han hadde sin faste benk i kyrkja, som også gardbrukarar hadde. Men over benken hadde han fått bygt som eit lite galleri, og han hadde eigen inngang frå kyrkjegården. Like ved kyrkja hadde han fått bygt seg eit privat gravkapell, reist i stein, som eit likhus. Han hadde fått eit så omstendeleg hefte på tomta til dette huset at då Hjelmeland kommune ville få det bort, laut dei skaffa seg løyve til det frå kvar einskild av ætta hans. Det var ikkje få, med den store barneflokken.<sup>5</sup>

Trass i store økonomiske utteljingar til svigerfaren og svigermora som følgje av den avtalen som vart inngått då han gifte seg med Karen Sibylle Rødder, kom sorenskrivar Barth til å sitja svært godt i det økonomisk. Etter dei lokale forholda i

Tor Skiftun skreiv ein artikkelserie i fem delar i Stavanger Aftenblad i 1927 under tittelen *Knutsvik gjennem tre hundre år. En embetsgåards historie*. Herifrå saksar vi noko av det han har med om sorenskrivar Barth:

*Sorenskriver og canselliråd Barth blev skildret som en meget fornem og stolt herre, som uten tvil var i besittelse av utmerkede evner og stor dyktighet, men som i medfør av tidens ånd optrådte hovent og dominerende overfor bøndene og alle sine undergivne. Han holdt meget strengt på etiketten; man måtte helst gå med luen i hånden på lang avstand. Og skulle man få ham i tale, måtte man smøre sig med en god del tålmodighet. For det kunde hende man måtte gå der i Knutsvik og vente i 2–3 dagar, inden det behaget hans høihet å gi audiens, sies det. Og dette var ikke nettop behagelig, særlig for dem som hadde lang vei. Det skulde således ha hendt et par mann fra Nordre Bokn, at de måtte vente i 3 døgn. Men det tør vel hende at det var noe ekstra ivedien med skrivaren den gangen.*

*Erbetsmenn og i det hele høierestående folk blev derimot mottatt på nesten fyrstelig vis. Bart holdt et slags hoff i sin skrivergård. Han regjerte vistnok også som en første over «hele Ryfylke» og hadde vel inntekter derefter. Han hadde en hel stab av tjener, som så godt som ingen lønn fikk. Det fortelles at da han bygget en ny stor lœ betalte han bygningsmennene med brennevin hver lørdag. Lœbygningen stod henimot hundre år, så de hadde nok gjort sine saker bra, de som opførte den.<sup>6</sup>*

Hjelmeland vart han ein grunnrik mann. Ved skiftet etter første kona i 1767 var det ein nettoformue på 10 000 riksdalar.<sup>7</sup> Det var 40–50 gongar meir enn eit gjennomsnittleg bondeskifte i bygda på den tid. Og det var tre gongar meir enn det sokneprest Peder Pavels etterlet seg då han døydde ti år seinare.<sup>8</sup>

## Eit rikt skifte

Sorenskrivar Barth hadde vore sorenskrivar i 15 år då skiftet etter kona vart halde, og dei hadde samla seg mykje rikdom. Bruttoformuen var på vel 17 000 rdlr. Berre lausøyret vart vurdert til nesten 3500


rdlr. Her var sengtøy for knapt 400 rdlr., sjølvvarer for nesten 1000, gull for nesten 300 og husdyr for bortimot 250 rdlr. Den avdøde sine klede og barnetøyet i huset vart taksert til nesten 600 rdlr. Så åtte sorenskrivaren fleire kyrkjer. Det var Skåre kyrkje med Utsira kapell, kyrkjene i Vikedal og Suldal og halvparten i Sjernarøy kyrkje. Verdien på desse vart sett til 2050 rdlr. Jordegodset var verdt 2900 rdlr. Herav utgjorde Søra Knutsvik med påståande hus heile 1500 rdlr., og resten av jordeigedommen var i seks andre gardar og gardpartar i Ryfylke.

Dei uteståande fordringane utgjorde bortimot 8500 rdlr. eller nesten halve formuen. Sorenskrivaren fungerte som ein bankier og lånte ut pengar til andre innanfor sin stand. Det må bety at han høyrde til mellom dei mest velståande mellom embetsmennene i Rogaland. Han hadde uteståande krav hos ikkje mindre enn 65 personar i 1767. Her var militære som oberstløytnant Fasting på Foldøy, major von Krogh og kaptein Vallentinsen, geistlege familiær som prost Abel og prostinne Nagel og mange fleire, både i Stavanger by og på bygdene.

Barth gav ikkje lån berre til standsbrør. Lenger framme i denne boka, i kapittel 20, høyrde vi at sorenskrivaren og lånte ut pengar til hjelmelandsbuar som trong pengar. Mange lånte av han når dei skulle kjøpa gardane sine og bli sjølveigarar. Vi har også hørt, i kapittel 17, at han var medeigar i Enighedens Kobber Verk, som var i drift i Hjelmebandsvågen i 1760-åra. Også sagbruket i Hjelmebandsvågen fekk han hand om før han døyde.

Skiftet i 1767 inneheld også minuspostar. Sjølv om sorenskrivaren hadde mykje pengar ute på lån, stod han sjølv i gjeld til andre. Gjelda summerte seg opp til vel 6700 rdlr. Det var stort sett embetsbrør han skulda pengar, som fut Garmann og oberst Smith.

Georg Daniel Barth vart ingen gammal mann. Han døyde i 1782, 57 år gammal. Enkja Maria Catrine var då berre 33 år. Ho skulle koma til å leva enno 44 år i Knutsvik, og heile tida stod ho for drifta av garden. «Barthefruå» levde lenge på folkemunne på Jøsneset og har fått eit godt ettermæle. Ho ville vel mot alle og skal ha vore villig til å yta hjelp når nokon trong det. Men også ho heldt nok på sin stand og skilde seg ut frå det jamne bygdesamfunnet så lenge ho levde.



Garden Søra Knutsvik på Jøsneset var bustad for to sorenskrivarar i Ryfylke på 1700-talet. Morten Rødder budde her frå 1722 til 1755. Georg Daniel Barth overtok embetet, fekk føremannen til svigerfar og budde i Knutsvik til han døydde i 1782. Rundt embetsbustaden, som må ha lege i nærleiken av det kvite gardshuset i framgrunnen, låg det ein staseleg prydhage. Foto: Bjarne Risvoll ca. 1950.

## Utanfor bondestanden

Det var ikkje berre presten i prestegarden og soren-skrivaren i Knutsvik som stod utanfor bondestan-den i Hjelmeland på 1700-talet. Her var også nokre andre familiar som kan grupperast saman med dei. I ei liste frå 1767, som sokneprest Pavels sette opp og sende til amtmannen<sup>9</sup>, vart 12 husstandar rekna til å høyra til utanfor bondestanden. I ei liknande liste frå 1787, som står i fattigprotokollen<sup>10</sup>, er 9 husstandar rekna med. Og i folketeljinga i 1801 var det 8 slike.

I fattigkommisjonen sin protokoll er det i 1787 lista opp desse som stod utanfor bonde-standen. Bustad er føya til av TB.

*Frue CancelliRaadin Barth, Søra Knutsvik  
Hr. Lieutenant Tausan, Fosså  
Sogne Præsten Hr. Munthe, Prestegarden  
Capellanen Hr. Christopher Munthe, Preste-  
garden  
Præste Enchen Madame Pavels, Sande  
Dægnen Osmund Sandsberg, Sande  
Gæstgiver Enchen Sidselle Waagen,  
Hjelmelandsvågen  
Hr. Capitaine Lieutenant Weisenberg,  
Hammarsneset  
Hr. Lieutenant Weltzin, Soppaland*

Eit par av dei kondisjonerte husstandane levde i tilknyting til sorenkskrivaren og presten. Sorenkskri-varen trong kontoristar i si embetsførsel. Holger Grønbech var fullmektig på kontoret i skrivargarden i nokre år. Han budde på Øye frå 1765 til 1769 og brukte der «en meget liden og ringe jordpart». Det var nok andre i hans stilling før og etter han.

Det hende at soknepresten trong kapellanar til å hjelpe seg i embetet. Slik hadde det vore i første halvdel av 1600-talet, og slik var det i 1780- og 1790-åra, då sokneprest Munthe vart ein gammal mann. Først var det sonen Christopher Munthe som var personleg kapellan hos faren frå 1786 til 1794, då han vart utnemnd til sokneprest i Sokndal. I mellomtida hadde søstra Mette Andrea Kristine gif-ta seg med Kristoffer Munthe Juel, og han vart

kapellan hos svigerfaren då Christopher reiste. Han vart her i sju år, til han i 1801 fekk Lye kall på Jæren.

Dei fleste sokneprestane i Hjelmeland sat i em-betet til dei døydde. Men Søren Hjelm trekte seg tilbake i 1758 etter ti år i tenesta for å gje plass for Peder Pavels, som var både nevø og svigerson. Søren Hjelm var då 61 år. Han budde på Sande etter at han hadde gått av. Der døydde han i 1767, 70 år gammal. Enkja etter han levde ti år lenger. Ei tid budde det to presteenkjer på Sande. Sokneprest Jakob Pavels døydde i 1748, men enkja etter han, Brynhild Hjelm, levde 40 år lenger. Ho budde og på Sande.

Klokkenaren arbeidde i nært samarbeid med prest-en. Somme klokkarar hadde denne gjerninga som sitt einaste levebrød, andre dreiv eit gardsbruk eller ein husmannsplass i tillegg. Bakgrunnen deira var nok også forskjellig. Somme hadde namn som vitna om at dei var av embetsmannsslekt, andre var run-ne av bonderot. Jon Jonson var gardbrukar på Ø-rabø i Fister frå 1654 til forbi 1666. Ved manntalet i 1666 er han kalla «Jon Jonsen Degn». Om han var klokkar berre i Fister sokn eller i heile prestegjeldet, veit vi ikkje. Peder Gunnarson Hagen var klokkar i Hjelmeland frå kring 1680 til forbi 1706. Han var husmann under prestegarden.

Truleg var det enkja etter han og dottera som budde på Dale på Randøy i 1711. Der budde og dansken Iver Vandel, som vart utnemnd til klokkar i Hjelmeland prestegjeld i 1709. Han var ikkje hus-mann. I 1711 var han og soknepresten dei einaste som betalte parykkskatt, ein skatt som kondisjoner-te skulle betala. Men han var «udj ringe Tilstand», heiter det i skattelista. I andre halvdel av 1700-talet budde det tre klokkarar på Sandsberg, ein plass under garden Sande på Hjelmeland. Dei heitte Kris-tian Fredrik Roll, Osmund Osmundson og Osmund Andersson. I allfall dei to siste dreiv også jorda på Sandsberg. Det er ikkje sikkert Roll gjorde det. I 1767 heitte det at han var klokkar og at han hadde «et ringe Leve brød, hvorved hand neppe kand opholde Kone og Børn.» Han var innflyttar, men opphavet hans er ukjent. Sjølv om klokkarane del-vis stod utanfor bondesamfunnet, var det ikkje vel-stand hos dei. Det var altså ikkje berre rikdom i den kondisjonerte stand.



*Det budde fleire offiserar i Hjelmeland på 1700- og 1800-talet. Offisersuniformer frå 1808. Borgarbevæpning til venstre, infanterioffiser til høgre. Teikning: Forsvarsmuseet.*

Gjestgjevarane var og ei yrkesgruppe som stod på sida av bondesamfunnet, sjølv om dei heller ikkje høyrd til mellom dei kondisjonerte. Vi har hørt om dei i kapittel 19. Sokneprest Pavels ser ut til å ha vore i tvil om han skulle ta dei med i lista over kondisjonerte i 1767. Etter å ha nemnt dei tre gjestgjevarane i Hjelmelandsvågen, føya han til: «Disse kand just ikke kalles simple Bønder, men er baade uformuende og og af slette Vilkaar, og haver meget liden Næring, ey heller er i stand til at forsyne sig med det fornødne.» Gjestgjevaren på Kvaløy vart kalla «En Bonde Giestgiver, som selger Øl og Brød til Reysende og er af slette Vilkaar.»

Enighedens Kobber Verk var i drift i Hjelmelandsvågen i 1760-åra. Då kom det mange nye folk til bygda. Dei fleste var vanlege arbeidsfolk, men dei som stod i spissen for verket var av betre stand. Sjefen heitte Christopher Morgenstierne og titulerte seg som hyttemeister. Han var gift og hadde familie. Hans Dahl var også ein av leiarane for kopar-

verket. Han var truleg ugift. Begge desse budde nok i Hjelmelandsvågen.

## Militære

På 1700-talet og i første del av 1800-talet hadde Hjelmeland eit betydeleg innslag av militære offiserar. Dei budde kringom på ulike gardar i prestegjeldet, dei fleste på Jøsneset og på Hjelmeland. Bakrunnen for at dei busette seg her var nok at Hjelmeland var ein rimeleg sentral plass i Ryfylke. På 1700-talet vart Flotene på Sæbø ekserserplatz for det 1. ryfylkske kompani. Det varte ved fram til 1834. Då vart ekserserplassen flytt til Gjerdemoen i Etne og 40 år seinare til Madla.

Det var vanleg på denne tida at offiserane budde på gardar rundt om i distriktet. På Foldøy budde t.d. oberstløytnant Johan Jakob von Fasting, i Hogganvik i Vikedal major von Krogh.

Den første offiseren vi kjenner til i Hjelmeland var Christian Seefeldt. Frå kring 1690 til 1705 budde han i Søra Knutsvik. Først var han «Capitaine ved det Westerlandsche Regimente», i 1700 var han sjef for 2. ryfylkske infanterikompani. Seefeldt ser ut til å ha vore ugift. Han kjøpte ein part av garden av enkja etter den førre brukaren i 1695. I 1705 selde han parten sin i Knutsvik og flyttet nok då herifrå.

I det sjømilitære manntalet frå 1706 er det nemnt at ein kaptein Sommerschiel budde på Sande og var brukar av halve garden. Det er alt vi hører om han.

I Hjelmelandsvågen budde det offiserar frå kring 1720. Vi har alt hørt om dei (kapittel 19), for dei dreiv og Solenstein gjestgiveri i Vågen. Den første var tyskeren Carl Wilhelm von Poyda. (Dei fleste offiserar sette *von* framfor namnet sitt på denne tida.) Han kom inn i den norske hæren då han vart utnemnd til sjef for det 1. ryfylkske kompani i 1718. Vi veit ikkje om han flytte hit då, men han budde her i allfall i 1727. Han var gift tre gongar, og namnet på konene fortel at dette var folk av fine familiar. Dei heitte Crone Dorothea von Gotberg, Charlotte Amalie von Krogh og Hedevig von der Lühe. Major Poyda døydde i 1738.

Den som overtok etter han både som kompanisjef og som gjestgjevar, var kaptein Andreas M. Tønder. Men han fekk ikkje bu her lenge. Han døydde alt hausten 1738, etter å budd nokre månader i Vågen. Heller ikkje nestemann fekk eit langt

liv her. Dansken Peter Martin Frentzel residerte på Solensteen frå 1738 til 1741, då han døydde. Friedrich von Ely, som og var dansk, overtok som kompanisjef. Det er uklart om han busette seg i Vågen då han vart utnemnd i 1741, eller om det skjedde fire år seinare, då han kjøpte gjestgiveriet på aksjon. Han budde her til 1752. Då vart han utnemnd til sjef for Suldal landvernkompani, og han flytte dit. Han var den siste offiseren som budde i Vågen og var gjestgjevar på Solensteen.

Den neste staden det så dukkar opp ein offisersfamilie, er på Soppaland i Årdal. I ei skatteliste for ekstraskatten i juli 1764 står fru Weltzin oppført på Soppaland. Truleg var det då ikkje lenge sidan familien var komen hit. Løytnant Johan Ludvig Weltzin, som var fødd i Brandenburg i Tyskland, døydde her og vart gravlagd i Årdal i januar 1764. Før hadde dei budd i Lyngdal, på Ramselid, ein del av garden Tjersland. Sokneprest Pavels skreiv dette om enkja i 1767: «Er i slette Omstendigheder og lever med sine Børn allenest af en liden og ringe Bonde Gaard.»

Ekteparet hadde ni born, og det var den yngste, kaptein Mogens Wilhelm Weltzin, som overtok garden på Soppaland. Det må ha skjedd kring 1786, då han gifte seg med Judit Helene Munthe, dottera til soknepresten på Hjelmeland. Ein son deira, Joachim Fredrik Weltzin, som var offiser som faren, kjøpte Nesvik i 1812 og busette seg der.

På Hammarsneset på sørssida av Randøy slo kaptein Martin Nicolai Weisenberg seg ned i 1772. Der rydda han seg ein husmannsplass og vart buande til han døydde i 1804. Han fekk premie for jorddyrkingsarbeidet sitt, som vi har hørt om framanfor (kapittel 15). Weisenberg fungerte som offiser til 1788, då han gjekk av med pensjon. Sonen Peter Mikal Weisenberg kjøpte herskapshuset etter sorenskrivaren i Søra Knutsvik og budde der frå 1829 til 1859.

Kaptein Christian Holberg Gran kjøpte eitt av dei tre brukna på Sæbø i 1782 av Daniel Danielson Sæbø, som då kjøpte gjestgiveriet på Jelsa og flytte dit. Gran betalte heile 450 rdlr. for garden og lånte pengane av sorenskrivar Barth i Knutsvik. Truleg flytte han ikkje til Sæbø på ei stund, for han er ikkje nemnd i lista over kondisjonerte som skulle svara fattigskatt i 1787. Men året etter var han i allfall komen. Då lånte han pengar av prokurator

Knud Geelmeyden i Bergen, og pantobligasjonen vart datert «Sæbøgaard den 3. Juni 1788». Då var han og utnemnd til sjef for 1. ryfylkske kompani. Han enda si militære løpebane som major. I 1798 flytte han over fjorden til Nesvik. Han og Jone Bergeson bytte då gardar. Sidan husa i Nesvik var «brøstfeldige», flytte Gran sitt hus med seg over frå Sæbø. Han budde i Nesvik til han døydde i 1807.

Løytnant Ole Gjerdrum Tausan kjøpte halve Fosså i 1787. Han hadde då nettopp stifta familie. Tausan vart seinare kaptein og sjef for 1. ryfylkske kompani frå 1797 til 1808, då han gjekk av med pensjon.

Også på Sande hadde det offiserar før 1800. Vi høyrde framanfor at her hadde budd både ein pensjonert prest og fleire presteenkjer tidlegare. Opp takten til dette var at sokneprest Peder Sørensen vart eigar av garden, først den eine halvparten i 1703 og så den andre i 1720. Dotterdottera hans heitte Brynhild Pavels. Ho vart gift med proprietær og tollinspektør i Mandal Hans Tostrup. Etter kring ti års ekteskap vart ho erkje, og ho flytte då heim til mora på Sande og fekk byggselbrev på halve garden. Sonen hennar heitte Nikolai Tostrup var fødd i 1770 og utdanna seg til offiser. I 1801 var han løytnant og budde på Sande med kone og eit lite barn saman med mora. Sonen Jakob Tostrup utdanna seg til gullsmed. Han etablerte seg med stor forretning i Oslo og bygde forretningshuset der den kjende restauranten Tostrupkjellaren held til i dag.

## Giftarmålsband

Dei kondisjonerte familiene levde midt i bygdesamfunnet, men heldt avstand til bygdafolket. Dei stod for ein elitekultur som distanserte seg frå bondekulturen. Borna deira gifte seg nesten utelukkande innanfor sin stand. I det standssamfunnet Norge var på denne tida, var det det vanlege. Framanfor har vi sett at alle dei 17 borna til sorenskrivar Barth som levde opp, gjorde det. Likeeins var det stort sett i prestegarden, sjølv om det der fanst unnatak.

To av døtrene til Jonas Jensson Hjelm, sokneprest i Hjelmeland frå 1680 til 1697, vart gifte med bondesøner. Men dei høyrde til heilt på toppen av bondesamfunnet. Marta gifte seg med Gudmund Olson Håland frå Erfjord, Elen Sofie med Børge Børgeson frå Aubø i Sjernarøy, som flytte til Tø-